



## Referat frå kommunemøte torsdag 17. september

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka og fylkeskommunen

Ikkje til stades: Austevoll, Eidfjord, Modalen, Voss, Samnanger og Helse Førde

### 1. Neste møte

Nytt telefonmøte med kommunane er førstkomande **torsdag 24. september kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 13.20. Hugs å skrive namn på kommune/organisasjon i kommentarfeltet. Vi vil ikkje lenger gjennomføre opprop ved møtestart.

### 2. Kartlegging av ressursituasjon for kommuneoverlegefunksjonen

Vi ønskjer å takke for tilbakemeldinga på spørjeundersøkinga om ressursituasjonen for kommuneoverlegefunksjonen. Dette var ein del av ei nasjonal kartlegging, som Hdir skal arbeide vidare med. Vi håpar og trur at det vil kome ein nasjonal diskusjon om korleis det kan sikrast tilstrekkeleg med ressursar til denne funksjonen. Dette var blant det vi peika på i rapport etter undervegsevalueringa før sommaren.

### 3. Digital fagsamling 20. oktober kl. 09.00 - 12.00

Den tidlegare planlagde fagsamlinga i Bergen blir digital. Vi har sendt ut informasjon og [lenke til påmeldingsskjema](#) (frist er 15. oktober). Hovudtema vert erfaringsdeling frå handteringa av covid-19-pandemien.

### 4. Møte med kommunalministeren og helseministeren

Fylkesmennene var tysdag denne veka i møte med kommunalministeren og helseministeren.

Helseminister Bent Høie understreka igjen kor viktig det er at kommunane er godt førebudde på lokale utbrot, og har evne til å slå dei ned. Han peika på at dei kommunane som har hatt større utbrot, har erfart at det er veldig arbeidskrevjande, gjerne ein god del meir krevjande enn venta. Kommunane må nytte tida utan lokale utbrot til å planlegge godt, og gjerne gjere seg nytte av andre kommunar sine erfaringar frå handtering av slike utbrot.

Ein sentral del av planlegginga er å rekruttere og lære opp personell til m.a. smittesporing og å få på plass avtalar om nabohjelp. Høie var igjen tydeleg på at planar og førebuingar må ha ein lang tidshorisont; minst til sommaren 2021.

Kommunalminister Nikolai Astrup gjentok det han og helseministeren skreiv i brev av 4. september til ordførarane:

- Regjeringa tek sikte på å dekke alle nødvendige kostnader i kommunane med oppfølginga av TISK-strategien og særskilte smittevernstiltak i 2020 og 2021.
- Det vert vurdert særskilt kompensasjon til kommunar som har hatt store ekstrautgifter som følgje av lokale smitteutbrot.



## 5. Informasjon frå utdanningsavdelinga

### Opplæring til elevar som ikkje kan møte på skulen

Det er stilt spørsmål om kva **plikt** skule/skuleeigar har til å tilby alternativ opplæring når elevar ikkje skal møte på skulen som følgje av smittevernreglar (t.d. ved symptom, karantene eller at skulen er stengd).

Utdanningsdirektoratet arbeider med ein tekst som skal klargjere kva rettar elevane har og kva som er skulane sine plikter, og vi har hatt høve til å gje innspel til teksten. Vi har ikkje fått ein konkret dato, men reknar vi med at det vil bli publisert snart. Den vil òg bli publisert på Fylkesmannen sine sider.

### Rapportering om stenging av skular/barnehagar til Fylkesmannen

Det er fint at dei kommunane som har stengt skular/barnehagar, både trinn og avdelingar, melder dette løpande inn til oss. Vestland og Oslo Viken er fylka med mest å melde til Utdanningsdirektoratet. Om det skuldast at det er forholdsvis fleire som må stenge her, eller om det òg betyr at kommunane her er nøye med å melde, veit vi ikkje. Uansett er det bra at vi har oppdatert oversikt, og oppmodinga om å melde frå til oss gjeld framleis.

## 6. TISK-øving

Kompetanseheving, mellom anna gjennom øvingar, er ein viktig del av oppfølginga av TISK-strategien. Vi jobbar no med eit enkelt opplegg for dette, som vi gjerne ønskjer å prøve ut i eit par kommunar, før kommunane vert invitert til å ta det i bruk på eiga hand.

I første omgang tenkjer vi oss at smittesporing vert hovudtema. Vi har tru på at kommunane ved å gjennomføre eit diskusjonsbasert opplegg på to-tre timar, vil stå mykje betre rusta for eit utbrot.

Viss det er kommunar som allereie no veit at dei kan tenkje seg å prøve ut dette saman med oss, er det fint om de gir oss ei tilbakemelding. Viss ikkje vil vi snart kontakte eit par kommunar.

Vi minner elles om invitasjonen til å bidra med ressursstøtte som Bergen kommune kom med i sist møte. Det er nokre kommunar som allereie har tilbydd seg å bidra. Vi meiner at praksis med smittesporing i kommune med lokalt utbrot vil gi svært verdifull kompetanse til kommunane.

## 7. Oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet om tiltak ved lokale utbrot

Fylkesmennene er bedt om å formidle vidare nokre nasjonale tiltak vedtekne av Regjeringa. Vi minner om to av desse som var tema på førre møte:

- Kommunen har eit kontrollansvar for alle arrangement, både med og utan skjenkeløyve. Det er avgjerande at kommunane aukar kontrollaktivitet mot arrangement og at desse held smittevernreglane.
- Skjerpa merksemd om ikkje å gå på jobb/skule med symptom.
- Eit tredje tiltak er oppmodinga om frivillig registrering av kontaktinformasjon for gjester på serveringsstader.



Departementet har òg bedt oss formidle ei prioritert liste over lokale smitteverntiltak som kommunane vert tilrådd å vurdere å innføre ved lokale utbrot med risiko for smittespreiing i samfunnet:

- Øke fokus på å beskytte sårbare grupper; forebyggende tiltak for å unngå smitte inn i helseinstitusjoner og forsterke råd til risikogrupper
- Skjerpet oppmerksomhet om råd om å ikke gå på jobb/skole med symptomer (hold deg hjemme)
- Oppfordring til økt oppmerksomhet på avstands anbefalinger i det offentlige rom, i restaurantbransjen og i kulturlivet
- Oppfordring om hjemmekontor forsterkes
- Oppfordring om å unngå kollektivtransport hvis mulig
- Maksimalt antall som kan samles på offentlige arrangementer reduseres til 50
- Skjerpet anbefaling om avstand og antall på private arrangementer (eventuelt redusere til maks 5-10 avhengig av situasjon)
- Tillatt åpningstid i restauranter, på barer og kafeer begrenses midlertidig til for eksempel kl. 24. Full stenging kan også vurderes som midlertidig tiltak avhengig av situasjonen
- Anbefaling om bruk av munnbind i situasjoner der man ikke kan holde avstand, som for eksempel kollektivtrafikk i rushtid
- Oppfordring til å la flest mulig arrangementer foregå utendørs
- I kommuner der det er relevant, vurdere å gjøre all undervisning på universiteter og høyskoler digital slik at det blir minst mulig fysisk oppmøte

## 8. Omsynet til barn og unge ved reduserte tenestetilbod

Tenester til barn og unge er rekna som samfunnskritiske og skal haldast i full drift så lenge som mogleg. Nasjonal koordineringsgruppe (Hdir, Bufdir, Udir, FHI) har kome med nokre viktige tilrådingar.

Viss og når kommunane innfører strengare tiltak enn dei nasjonale pga. lokale utbrot, skal kommunane vurdere betydninga og konsekvensane dei aktuelle tiltaka kan ha for tenestetilbod til barn og unge. Dersom det er heilt nødvendig å redusere tenestene til desse gruppene, skal kommunane vurdere kompensierende tiltak og straks sette dei inn. Samarbeidspartar som tilbyr ulike tenestetypar for barn og unge skal informerast.

## 9. Innspel og spørsmål i møtet

### Bergen kommune – status smitteutbrot og støtte til smittesporing

Beredskapssjef Ivar Konrad Lunde oppsummerte status for situasjonen i Bergen kommune. Det er ein betydeleg nedgang i smittetal i dag. Avventar å få stadfesta at smittepresset er lågare, men dei er optimistiske.

Kommunen har bygd opp ein betydeleg meirkapasitet for testing og smittesporing. Har jobba godt med smittesporing og har situasjonen under kontroll. Kommunen meiner det er viktig å oppretthalde kapasitet på testing og smittesporing framover. Dei har bygd opp kapasitet ved å omdisponere ressursar, og set veldig pris på at andre kommunar ønskjer å bidra til arbeidet med smittesporing. Kommunen ber om forståing for at det tek litt tid å inkludere ressursar frå andre kommunar i arbeidet, pga. opplæring som må skje parallelt med intensivt smittesporingsarbeid. Kommunen har ønskje om å oppretthalde meirkapasitet framover, i samarbeid med andre kommunar jf. tilbod om støtte til smittesporing, for å styrke kapasiteten i regionen òg i eit lengre perspektiv.



Smittevernoverlege Karina Koller Løland utdjupa at omorganisering og utviding av smittevernkontoret, og implementering av smittesporingsprogrammet Remin er hovudårsakene til at det har vore krevjande å ta inn fleire for opplæring frå andre kommunar. Løland understreka òg at Bergen kommune er takksame for dei tilboda om støtte som har kome.

Fylkesmannen kommenterte at dette er viktige måtar å tenke på. Støtte til andre kommunar gir kommunane som melder seg eit unikt høve til å få praksis og erfaringar til nytte i eigen kommune. Vi har fått positive tilbakemeldingar frå sentrale styresmakter når vi har rapportert om korleis Bergen har lagt opp til samarbeid og om kommunane som har meldt seg.

#### Gløppen kommune - reduserte tenestetilbod

Helse- og omsorgssjef Gunhild Gimmestad tok opp utfordringar med reduserte tenestetilbod òg i situasjonar der tenestene er pressa utan smitteauke pga. gjeldande karantenerreglar. Innbyggjarane ser til overordna føringar for besøk i institusjonar og tenestetilbod, noko som gir utfordringar. Gimmestad formidla ønskje om meir tydelege nasjonale føringar.

Fylkesmannen forstår utfordringa, men fylkeslegen gjentok budskapet om at det er viktig å sjå på tilbod til barn og unge i eit breitt perspektiv, og sjå på kva kompensierende tiltak det er mogleg å setje inn dersom det blir reduksjonar på nokre område. Covid-forskrifta kan føre til nedstenging av skular og tenestetilbod, men vurderingane må òg gjerast ved pressa situasjon for tenestene i kommunane.

#### Helse Bergen – underutval for personell og nasjonale bemanningslister

Viseadministrerende direktør i Helse Bergen, Randi-Luise Møgster, gjorde merksam på at det er viktig å bruke koordineringsgruppe/samhandlingsgruppe ved personellutfordringar. For Helse Bergen sitt dekningsområde er underutval for personell reetablert og kommunane kan melde inn utfordringar til utvalet. Det vart gitt tilgang til nasjonale bemanningslister tidleg i pandemien, og i Helse Bergen blir desse gått gjennom jamleg.